



Informasjon til nye leiarar i lokallaget

Velkomen som nye leiar. Lokallaget er det viktigaste leddet i Bondelaget. Lokallaget når ut til både «vanlege folk» og lokalpolitikarar og kan informere fylkesstyret og sentralstyret om viktige lokale saker. Lokallaget kan vere ein viktig beredskap ved til dømes ulykke, brann og naturkatastrofar. Den viktigaste oppgåva er å vere ein møteplass for lokale bønder, både fagleg og sosialt.

Alle lokallag må arrangere årsmøte, men resten av aktiviteten er opp til kvart enkelt lag. Det bør vere styremøte og medlemsmøte dersom laget har kapasitet til det. Mange lokallag arrangerer bondepub med fagleg innlegg eller quiz i tillegg til studiering om jordbruksforhandlingane og ulike kurs.

Her er litt informasjon om årshjulet i Hordaland Bondelag og drift av lokallaget.

Lokallagsårsmøte

Møtet skal haldast innan 1. november. Malar for innkalling og sakliste finn du på bondelaget.no, under "Drift av lokallaget".

Medlemslister finn de på Min side/Mitt lokallag. Fylkeskontoret kan hjelpe med å logge inn, og vi kan også sende medlemsliste på e-post. Mange lokallag sender innkalling på e-post og sms i tillegg til annonse, men det er mogeleg å få adresseetikettar til medlemene i posten. Vi kan legge ut innkallinga på nettsida vår for dei som vil vise til ei nettside.

Fylkesstyret og kontoret deltar gjerne på årsmøte, ta kontakt med kontaktpersonen dykkar (sjå liste) eller kontoret. Hugs at vi må få dato for årsmøtet sjølv om de ikkje vil ha besøk. Hugs også å sende inn melding om val etter årsmøtet, eller legg det inn på «mitt lokallag» på «Min side». Det er viktig at vi har oppdatert liste over dei tillitsvalde. Du kan bruke skjema eller sende ein e-post til kontoret.

Leiarmøtet

Leiarmøtet er på hausten etter årsmøta i lokallaga og er ei to dagars samling med overnatting for leiarar i lokallag. I tillegg kjem fylkesstyret, æresmedlemer, valnemnda og gjester. Det er ein viktig arena for fagleg påfyll og for å treffe andre tillitsvalde og dei tilsette på kontoret. Dersom du som leiar ikkje kan delta, vil vi gjerne at nestleiar eller ein annan frå styret kjem.

Aktive lokallagsmidlar

Dersom de har hatt aktivitetar i lokallaget i løpet av året, kan de søkje om midlar frå fylkeslaget. Hugs å ta med alt, til dømes kontakt med politikarar og merknad til reguleringsplan. Fylkesstyret fordeler midlane mellom dei laga som søker. Bruk skjema eller send e-post til hordaland@bondelaget.no. Legg ved årsmelding og rekneskap. Frist er vanlegvis 1.12.

Regionmøte i januar

Styret i Hordaland Bondelag inviterer alle tillitsvalde i lokallaga til regionmøte. Møtet skal vere ein plass for dialog mellom styremedlemene i lokallaga og fylkesstyret. Det er staden for drøfting av viktige saker for landbruket og deg som bonde. Vi har vanlegvis regionmøte i Granvin og på Stord på dagtid og i Bergen og i Nordhordland på kveldstid.

Årsmøtet i Hordaland Bondelag

Årsmøtet er i mars. Det er leiaren i lokallaget som skal møte på årsmøtet, og i tillegg kan dei laga som har over 100 medlemmer sende ein utsending for kvart påbyrja 100 medlem (101-200= leiar +1, 201-300 = leiar +2). I programmet som vert sendt ut med innkalling ser de tal medlemmer som gjeld for årsmøteutsendingane. Dersom leiaren ikkje kan møte, er det viktig at laget vert representert med ein annan frå styret eller lokallaget.

Fylkesstyret

Alle lokallaga har ein kontaktperson i fylkesstyret. Dei har eit ekstra ansvar for sine lokallag, og tar kontakt til dømes før årsmøte og ved aksjonar. De kan sjølvstøtt ta kontakt med andre i styret dersom de ønskjer det. De kan invitere styret til årsmøte, men også til andre møte.

Fylkeskontoret

Vi er tre tilsette på kontoret. Organisasjonssjef Lars Peter Taule, rådgjevar Geir Totland og rådgjevar Maria Makloufi Skjold. De kan ta kontakt med kven de vil av oss, eller ringje sentralbordet vårt, tlf 55918880. Ein av oss vi ta telefonen dersom vi har høve. De kan òg ta kontakt på e-post. Når det gjeld hjelp til lokallagsarbeid er det ofte Maria som hjelper med det.

Nettsider og Facebook

På nettsida til Hordaland Bondelag bondelaget.no/hordaland finn du litt informasjon og bilde frå arrangement, oversikt over leiarar i lokallaget og fylkesstyret og kalender. Under «for lokallaga» finn du brev vi har sendt ut og liste over kontaktpersonar i fylkesstyret.

Hordaland Bondelag har ei facebookside, instagram og twitter. Send gjerne inn bilde med litt tekst frå arrangement til fylkeskontoret som vi kan bruke på facebook og nettsida.

På nettsida til Norges Bondelag under «For lokallag og tillitsvalde» litt ned på sida, finn du mykje informasjon om drift av lokallaget.

«Min side»

Dersom du logger inn på «min side», kan du sende sms og e-post til medlemene og sjå medlemsliste. Du kan også endre verv for lokallagsstyret. Sjå vedlegg for korleis du kan logge deg på.

E-post for lokallaga

Hordaland Bondelag har laga e-post kontoar for dei lokallaga som vil ha det. E-post frå Norges Bondelag kjem ikkje til den kontoen då dette er ei ordning som ikkje er i alle fylke. Hordaland Bondelag sender informasjon til bondelagskontoen dersom de har det. Lokallaget vel om e-posten skal vidaresendast, t.d til leiar eller alle i styret. Ta kontakt med fylkeskontoret dersom de vil ha e-postkonto eller dersom de treng hjelp med den kontoen de har.

Lokallagshandboka

I heftet finn du informasjon om drift av lokallaget. Det kan tingast på nettsida til Norges Bondelag, i nettbutikken.

Ta gjerne kontakt med meg/oss på fylkeskontoret!

Helsing Maria